



Laila Vågenes
Herman Grans vei 53 A
5162 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18277 - 20/79336

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
11.12.2020

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 471/17 og 471/5 Taule indre

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 417/5
Tiltakshavar: Laila Vågenes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.11.2020.
Viser elles til telefonsamtalar kring saka.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket ligg i uregulert område sett av til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF) i kommunedelplanen for Radøy (tidlegare kommuneplan for Radøy). Det må søkjast om dispensasjon frå LNF-formålet. Søknad om dispensasjon må vera grunngjeven.
2. Dersom omsøkte parsell grensar mot naboeigedom gbnr 471/1 må søknaden nabovarslast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **10.01.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Laila Vågenes

Herman Grans vei 53 A

5162

LAKSEVÅG